



**SUND KOMMUNE**

Rådmannen

*Arkiv*

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Sakshands.: GIS      Vår ref.: 11/300-126      Dykkar  
ref.:2014/19373-9      Dato: 24.04.2015  
Direktetlf.: 56327558      Arkiv: 504 GNR 49/12

## OMRÅDEPLAN SKAGANESET - MOTSEGN

Me viser til Dykkar brev datert 18.09.2014 – og til seinare møte og synfaring.  
Sund kommune har vore tydeleg på at det er viktig å finna løysingar i planen som gjer at motsegna kan verta trekt – også for vegalternativ 2.

Etter dialogen med Dykk, er difor skjermingstiltak vurderte meir i detalj – og gjort meir tydelege i reguleringsføresegnerne. For vegen alternativ 2 – vest for Storhaugen er det no sett krav til skjermingstiltak – jfr. nytt forslag til reguleringsføresegner §7 pkt.9.3. Areal for vegetasjonsskjerm for dette vegstrekket er og teikna inn i plankartet for alternativ 2.

Sund kommune har også teke til fylge Dykkar innvendingar mot forslag til byggehøgder på dei øvste byggeareala i planområdet. Byggehøgdene er her redusert med 4.0 m. Nye maksimale byggehøgder er tekne inn i § 5 i reguleringsføresegnerne.

Når det gjeld marinarkeologiske registreringar, har me alt fått stadfesta at det som tidlegare er utført gjev eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdera planen.

Sund kommune vil med dette utgangspunktet be om at De vurderer plansaka på nytt.

*Nils Kåre Skoge*  
Nils Kåre Skoge  
Varaordførar

Vedlegg.

# SUND KOMMUNE

## OMRÅDEREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

### SKAGENESET MED TILKOMSTVEG, ALTERNATIV 2

Saksnr. journalpost ID 13/1367

Nasjonal arealplan-ID

Vedteken dd.mm.åå

Sist revisert 04.05.2015

### § 1 INTENSJONAR I PLANEN

Føremål med planen er å:

- sikre landskapskvaliteter langs vestsida av Kvalvågen, ved Skagasjøen og det tilstøytande kulturlandskapet med bustader, naust, natur, kulturmiljø og samfunn.
- sikre areal kring dei arkeologiske funnområda i eit samanhengande LNF område.
- utvide vegkrysset til fylkesveg 198 ved Little Sangolt.
- trafikksikre og utvide vegkapasiteten og gang- og sykkelveg på eksisterande sidegrein av fv. 198, frå Little Sangolt til Bakkatjødna, til vegklasse A2.
- planlegge ny veg frå Bakkatjødna til industriområdet i vest, fram til kommunal kai på Skaganeset.
- vise tilkomst og industriområter med endeleg grad av utnytting og byggjehøgder. Sikre høg utnytting av tilgjengeleg næringsareal.
- regulere hamn på land, hamneområde og farlei på sjø.

### § 2

## FELLESFØRESEGNER

(pbl § 12-7)

### 2.1 Dokumentasjon ved søknad om tiltak

2.1.1 Tiltakseigarar i området skal sikre at reglar for støyringa av området vert halde. Ved søknad om anlegg og bygg skal det ligge føre ein utfyllande

situasjonsplan. Situasjonsplan skal vise aktuell bruk av heile industritoromta.

2.1.2 Situasjonsplanen skal definere interne trafikk- og parkeringsanlegg, eksisterande og nye bygg, utvendig frittståande installasjoner og anlegg, utvendig lagersoner, mellombels og permanente hallar og lokalt opplegg og anlegg for handtering av avfall.

2.1.3 Situasjonsplanen skal i eige landskapsvedlegg vise og omtnale opparbeiding av alle markflater på tomta, tiltak for å sikre fjellskjeringar og etablere vegetasjon i skrentar mellom tomter og naturterrenget som ligg i kring.

### 2.2 VA-rammeplan

Som grunnlag for vidare utvikling av hamne- og industriområdet (etter 2014) skal det utviklast ein VA-rammeplan for hamne og industriområdet. Sund vatn og aylaup AS er fagmynde.

### 2.3 VA-plan

Til handsaming av situasjonsplanen skal det ligge føre ein godkjent VA-plan for kvar tomt.

### 2.3.1

VA-plan skal vise dei interne VA-anleggna på tomta og forbindelsen til industriområdet sine hovudløysingar for vatn og aylaup, VA-rammeplan.

### 2.3.2

VA-plan for kvar tomt skal vise handtering av tak og overflatevatn.

### 2.3.3

VA-plan for kvar tomt skal vise handtering av tak og overflatevatn.

### 2.4

**Avfallshandtering og massedeponering**  
Avfall skal handterast på kvar industritoromt. Tilrettelegging av nye tiltak skal følgje mål og høgder som går fram av plankartet.

### 2.5 Arkitektur, estetikk og kvalitet

Nye bygg og anlegg skal ha ei klar, funksjonell form med material og fargebruk som dempar visuell verknad for båtfolk på sjøen og busette på nordsida av Skogsvågen.

### 2.6 Landskap og terren

Etter reguleringsskartet (2014) skal fjellskjeringar tilpassast regulert vegføring. Fjellskjeringar skal sikrast. Overgangar mellom planerte tomter og naturterrenget skal ordnast til med oppbygd jordutlegg nede. I jordutlegget skal tomteigarar plante tre og klatrande buskar.

### 2.7 Universell utforming/tilgjenge

Prinsippa om universell utforming skal sikrast i kvart nytt byggjetiltak innafor føremålet kontor/industri (1830).

### 2.8 Forureining

Konsekjonspliktige næringstiltak som skal byggjast og drivast i området, skal før byggjetiltak vert sette i

gang, dokumentere at verksemda er i samsvar med aktuelt lovverk med eigne føresegner, jf. forureiningslova. Tiltakseigarar i området skal sikre at reglar for forureining frå eiga verksemd vert halde.

2.9

**Støy**

Støy frå trafikk og næringsverksemd i området skal vere i samsvar med gjeldande lovverk om trafikkstøy, hamnestøy og industristøy, jf retningsline om støy i arealplanlegging, T-1442/2012, Miljøverndepartementet. Tiltakseigarar i området skal sikre at reglar for støy frå eiga verksemd vert halde.

**§ 3****REKKEFØLGJEKRAV**

- 3.1 Parallelt med utvikling av tomt B-1 skal område VS1 tilplantast med verneskog.
- 3.2 I område C-5 skal noverande steinfylling mot Langskipsvika opparbeidast som ordna natursteinmur før vidare bruk og varig utnytting av føresegnsområde #3 vert tillate.
- 3.3 Felles grøntområde f\_G1 skal vera ferdig opparbeidd og sikra før det kan etablerast nye permanente tiltak innanfor område A-1.
- 3.4 Felles grøntområde f\_G2 skal vera ferdig opparbeidd og sikra før det kan etablerast nye permanente tiltak innanfor område B-2.
- 3.5 Felles grøntområde f\_G3 skal vera ferdig opparbeidd og sikra før det kan etablerast nye permanente tiltak innanfor område C-2.
- 3.6 f\_TV skal vera ferdig opparbeidd og sikra før det kan etablerast nye permanente tiltak innanfor område A-1 og A-2.
- 3.7 Vegetasjonsskjerm VS1 og VS2 skal sikrast og plantast til som del av veganlegg o\_KV2.
- 3.8 Langs VS2 (i sør mot indre Kvalvågen) skal det som del av veganlegget, i annan veggrunn – grøntareal, setjast opp ein 2,2 m høg støyskjerm, i avdempa farge, ref. plankartet. Støyskjermen skal gå frå vegprofil nr 980 til og med vegprofil 1150. Variasjon og sideforskyving av støyskjerm som del av tilpassing til terreng og plassering av fundament og feste i fjell er mogleg.

**§ 4****EIGARFORM**

4.1

**Offentlige arealformål**

Følgjande areal skal vere offentlege:

- Offentleg køyreveg: o\_KV1, o\_KV2, o\_KV3 og o\_KV5, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal.
- Offentlig veg: o\_V8 og o\_V9
- Offentleg gang og sykkelveg; o\_GS1 – o\_GS4, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal.
- Offentleg fortau; o\_FTA1 – o\_FTA4, o\_FTA6 – o\_FTA8 og o\_FTA11, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal.
- Kommunalteknisk anlegg: o\_KTA, Reinsestasjon og kommunalteknisk areal ved Skaganeset kai.
- Offentlig kai: o\_KAI2, deler av kai ved Skaganeset kai.
- Offentlig parkering: o\_P

4.2

**Felles arealformål**

Følgjande areal skal være felles for angitte eigedommar:

- Felles köyrevegar i planen: f\_KV4 og f\_KV6, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal.
- Felles vegen i planen; f\_V1, f\_V3 – f\_V7, f\_V10, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal. Vegane er felles for tilstøytande eigedomar.
- Felles fortau; f\_FTA5, f\_FTA9, f\_FTA10 og f\_FTA12, med tilhøyrande Anna veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal.
- Felles grønsoner, sprang og overgangar i terrenget f\_G1, f\_G2, f\_G3. Areal er felles mellom tilstøytande eigedomar inne i industriområdet
- Felles turveg, f\_TV, er felles for alle tomtene i hamne og industriområdet.

**§ 5****BYGG OG ANLEGG**

(tbl § 12-5 nr.1)

5.1

**Kommunaltekniske anlegg**

I område o\_KTA skal det byggast reiseanlegg, energisentral og miljøstasjon.

5.2

**Kombinerte føremål kontor/industri**

Verksemd med produksjon av varer, foredling av råstoff, laboratorier, verkstader, lager, kontor og service til desse verksemndene kan drivast og byggjast vidare på tomtene A-1, A-2, A-3, A-4, B-1, B-2, C-2, C-3, C-4 og C-5.

5.2.2

Det er krav om 0,8 parkeringsplassar per 100 m<sup>2</sup> BRA. All parkering skal skje innanfor føremålet kontor/industri.

5.2.3

Byggjehøgder - føremål industri/ kontor  
Maks byggjehøgder gesims er:

- Tomt A-1; Kote+31
- Tomt A-2; Kote+27
- Tomt A-3; Kote+16
- Tomt A-4; Kote+27

6

- Tomt B-1; Kote+31
  - Tomt B-2; Kote+32
  - Tomt C-2; Kote+35
  - Tomt C-3; Kote+31
  - Tomt C-4; Kote+20
  - Tomt C-5; Kote+17
- Over gesims er det tillate med å bygge heishus og ventilasjonsrom på 40 % av takarealet, med maks høgd 4,0 m.

## § 6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (tbl § 12-5 nr. 2)

- 6.1 Køyreweg med trafikksikra gang- og sykkelveg**  
o\_KV2 skal følge vegklasse A2 (Statens Vegvesen si handbok 017).
- 6.2 Annan veggrunn – teknisk anlegg og grøntareal**  
Der vegen går tett inntil eksisterande bygninger, murar ol. skal det ved etablering av grøfter, skjeringar, fyllingar og murar takast omsyn til eksisterande situasjon i størst mogleg grad.
- 6.3 Anlegg- og riggområde**  
Areal sett av til anlegg- og riggområde, #1 og #2, er mellombelse og skal opparbeidast til tidlegare standard, etter at vegen er opprusta.
- 6.4 Parkering**  
o\_P skal opparbeidast med 20 parkeringsplassar.

## § 7 GRØNTSTRUKTUR (tbl § 12-5 nr. 3)

- 7.1 Grøntstruktur**  
I botn av fjellskjeringar og i skråning i områda f\_G1, f\_G2 og f\_G3 skal det leggjast tilstrekkeleg volum med jord for vidare vegetasjonsetablering.
- 7.2 Turveg**  
f\_TV skal opparbeidast som tilkomst for gående til nedre del av hamne- og industriområdet, f\_KV4.
- 7.3 Vegetasjonsskjerm**  
Det skal i VS1 og VS2 plantast skogholt med tresлага lerk, furu og bjørk. Det skal i område VS1, ordnast til nord-sørgåande sti.

## § 8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (tbl § 12-5 nr. 5)

- 8.1 LNF- areal**  
Drift av skogsområde skal skje ved plukkhogst.

## § 9 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (tbl § 12-5 nr. 6)

- 9.1 Farlei og hamneområde**  
I regulert hamneområde i sjø og i regulert farlei skal det vere fri ferdsel knytt til næringsverksemda på Skaganeset.
- 9.2 Akvakulturanlegg i sjø**  
Området AKSL (merd for matfisk) skal merkast slik at anlegget er godt synleg for brukarar av tilstøytande regulert kai, hamneområde og farlei.
- 10.1 Sikringssone (tbl § 11-8 a.1)**  
Innanfor frisiktsona ved avkøyrsler og vegkryss skal det vere fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.
- 10.2 Sone med særskilde omsyn (tbl § 11-8 c)**  
Omsynssonene H570\_1 og H570\_2 skal sikre kulturlandskapet langs Kvalvågen. I sona inngår arkeologiske funnområde og nyare tids kulturminne. Stiar og skogdrift nær nyare tids kulturminne skal avklarast med mynde etter kulturminnelova. Flatehogst i denne sona er ikkje tillate. Tilrettelegging for friluftsliv med sti utsikt og sitjeplassar, mindre uttak av tre og ved, er tillate.
- 10.3 Bandleggingssone (tbl § 11-8 d)**  
Skjøtsel av natur og skog i bandlagde omsynssoner skal godkjennast av mynde etter kulturminnelova.

